

## Protokoll frå styremøte

Møtenummer : 5/2018-2019  
Dato : 23.januar 2019  
Klokka : 20.00-21.00  
Stad : Telefonstyremøte.

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad			X	
1.vara Heien, Ingrid			X	
2.vara Grimseth, Stian			X	
Ryste, Bodil – Idrettsfagleg konsulent	X			

### Møteplan - neste styremøte:

4. februar – Kl. 18.00 Skei Hotell

### Representasjon:

Idrettsgalla Stavanger	5.januar 2019	Nils R Sandal
Interimstyremøte, Bergen	8.januar 2019	Nils R Sandal , Lilly Schøyen

### Nytt frå administrasjonen /orienteringssaker: Takast på neste styremøte 4/2.

- Nytt sidan sist v /styreleiar
- Regionalisering av Hordland og Sogn og Fjordane idrettskrins – «Vestland idrettskrins»  
Referat frå arbeidet i interimsstyret
- Møteplan 2019 : framlegg til møteplan

### SAKER :

Sak 14-2018-2019 Protokoll frå førre møte

Sak 15-2018-2019 Digitaliseringsløftet og forslag til finansiering i 2019 og 2020

Sak 16-2018-2019 Støtte til vidare utreiing av OL/PL-søknad 2030

#### **Sak 14      Protokoll frå førre møte**

**Vedtak:**      Protokollen er godkjend

**Bakgrunn:**    Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 4/2018-2019. 10.des 2018

#### **Sak 15      Digitaliseringsløftet og forslag til finansiering i 2019 og 2020**

**Vedtak:**      Sogn og Fjordane idrettskrins er positiv til digitalisering, men kritisk til framdrift og tidsramme. Vi meiner det blir for mange prosjekt samtidig, og at nokre prosjekt bør landast før nye settast i gang. Det bør difor vurderast å gjere prioriteringar innanfor leveranseplanen for 2019 og å forlenge prosjektperioden. Sogn og Fjordane Idrettskrins støttar Rogaland idrettskrets sine synspunkt på fordelingsnøkkelen mellom særforbund og idrettskrets, og meiner kostnadane bør bereknast likt i forhold til tildelt rammetilskot. Sogn og Fjordane Idrettskrins støttar det som fleire andre idrettskretsar har gitt tilbakemelding på, at idrettskrinsen vert fakturert sin del av digitaliseringsløftet.

**Bakgrunn:**    Notat frå generalsekretær sendt ut 17/1. Sjå vedlegg.

Digitaliseringsløftet er viktig for norsk idrett, men vi er kritiske til framdrifta innanfor ei stram tidsramme og mengde endringar som skal implementerast i 2019. Vi ønskjer å gi innspel på at det bør gjerast prioriteringar innanfor konkrete leveranseområder for 2019. Vi er kritiske til at det nok en gang skal takast frå idrettskrinsane for å finansiere fellesprosjekt og ber NIF sjå på andre finansieringsmåtar.

#### **Sak 16      Støtte til vidare utreiing av OL/PL-søknad 2030**

**Vedtak:**      Sogn og Fjordane Idrettskrins stiller seg bak og støttar vidare arbeid med å utreie moglegheita for OL/PL 2030 i Norge

**Bakgrunn:**    Presentasjon frå prosjektgruppa sendt på e-post 18/1

  
Bodil Ryste, referent